

ÅRSMELDING FOR STORD ELDRERÅD 2018

ELDRERÅDET SI SAMANSETJING:

Medlemer:

Tove Dypå Lunde (leiar)
Randi Helland (nestleiar)
Peder Aasheim

Varamedlemer:

Liv Kari Søyland
Arne Runnane

Politiske medlemer frå Kommunestyret:

Nils Tore Økland (AP) Sverre Olav Svarstad (H)
Reidar Brevik (KrF) Reidun Stavland (H)

Sekretær: Renate Våge

Møtestad: Formannskapssalen

*** **

I 2018 vart det halde sju møte, der det vart handsama og orientert om saker og planar som vedkjem eldre sine levekår. Dette var fordelt på 10 politiske saker, 44 referatsaker og 3 orienteringar.

1. POLITISKE SAKER

Nokre saker vert referert spesielt:

Årsbudsjett 2019, Økonomiplan 2019-2022 - her uttalte Eldrerådet følgjande:

"Eldrerådet meiner at det på ingen måte er grunnlag for å redusera budsjettet på sjukeheimstenestene slik rådmannen foreslår.

Eldrerådet er glad for at det ikkje er foreslått nedskjæringar i heimetenestene og i budsjettet for tildelingskontoret, men røynsle dei siste åra tilseier at desse tenestene likevel er underbudsjettete.

Eldrerådet støttar tanken om å flytta dei sjukeheimspasientane som ligg på rehab-senteret opp på sjukeheimen, slik at rehab-senteret kan ha fullt fokus på rehabiliteringsarbeid. Dette vil skapa ein positiv og optimistisk atmosfære på senteret.

Eldrerådet stettar vidare at det vert utgreidd om kjøkkenet på sjukeheimen skal overta produksjon av middag.

Eldrerådet meiner at lærlingane er ein viktig ressurs både på sjukeheimane og i heime-tenestene. Eldrerådet vil difor sterkt rå til å ta inn nye lærlingar i 2019."

Høyring – Plikt å tilby dagaktivitetstilbod til personar med demens

"Eldrerådet har følgjande uttale til høyring om plikt å tilby dagaktivitetstilbod til personar med demens:

Endring av ordlyd i punkt 3:

Det er bra at innføringa av ei lovplikt for kommunen å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens gir fleksibilitet for korleis kommunane vil ordna eiga praksis."

Revisjon av Stord kommune sin forskrift om politivedtekter

"Eldrerådet har følgjande uttale til kapittel 2 om tigging:

Tigging på offentlig stad eller frå hus til hus, kan berre skje etter at ein i forkant har gjeve melding til politiet."

Eigenbetaling i Eining for aktivitet og re/habilitering

Eldrerådet støttar Komite for rehabilitering, helse og omsorg sitt vedtak om at følgjande grupper skal ha fritak for eigenbetaling:

- 1. Brukarar av personretta tenester som treng hjelpemiddel av omsyn til personalet sitt arbeidsmiljø, skal ikkje fakturerast for lån av hjelpemiddel. Avgjerd om dette skal takast av avdelingsleiar og einingsleiar i heimebaserte tenester.*
- 2. Brukarar som treng hjelpemiddel til utprøving inntil 1 måned.*
- 3. Born/unge under 18 år.*

Brukarar som har eit varig behov, skal ikkje betale eigenandel for kommunale hjelpemiddel i påvente av hjelpemiddel frå NAV."

Revidering av prioritert handlingsplan i plan for rehabilitering, helse og omsorg

"Eldrerådet meiner det bør presiserast i handlingsplanen at kommunen, ved einingane, har eit ansvar for å orientera seg om kva aktuelle lag og organisasjonar kan bidra med for å støtta opp under det arbeid einingane sjølv driv, og å ta initiativ ovanfor organisasjonane."

Bygging av 15 omsorgsbustader og dagaktivitetssenter i Backerkvartalet

"Eldrerådet er veldig positive til prosjektet, men me har nokon kommentarar til teikningane og arealbruket. Me ønskjer fleire parkeringsplassar og me er usikker på behovet for kontor i bygget.

Me ønskjer at dei to stovene på 50 kvm kan slåast saman til ei storstove på 100 kvm. Gjerne med ein fleksibel foldevegg.

Eldrerådet ønskjer å få saka tilbake når teikningane er revidert."

2. ORIENTERINGAR

- Status utbygging Stord sjukeheim v/einingsleiar Esther Åsen
- Om eldre døde på sjukeheim v/einingsleiar Esther Åsen
- Status Tildelingskontoret v/einingsleiar Birgit Almås
- Folkehelseforum v/folkehelsekoordinator Tove Vikanes Agdestein

3. TILSKIPINGAR

Eldredagen 29. september 2018

Eldrerådet hadde ansvar for den årlege Eldredagen i Stord Kulturhus. Den vart arrangert i samarbeid med Røde Kors pasientvener, Songlaget Stordabuen og Knut Vika m/vener.

Foredragshaldar var Åshild Ulstrup som snakka om "Nasjonalskattane våre og menneska bak". Seniorprisen gjekk til Jarle Hevrøy for årelang innsats for seniorgruppa i Stord/Fitjar Turlag, som bidreg til at mange eldre i kommunen får eit betre liv. Astrid Larsen orienterte om prosjektet "Godt å bu heime".

4. PROSJEKTDELTAKING

- "Godt å bu heime" - Reidar Brevik
- Ansvarsgruppa for den kulturelle spaserstokken – Randi Helland
- Kvalitetsforbetring av kommunalt hjelpemiddellager – Randi Helland
- Trivsels- og samarbeidsforum ved Stord sjukeheim og Knutsaåsen Omsorgssenter – Tove Dypå Lunde
- Folkehelseforum "Leva heile livet" – aktivitetar og tilbod for eldre - Tove Dypå Lunde og Randi Helland
- Styringsgruppa i prosjektet Telerehabilitering i Stord kommune, eining for aktivitet og re/habilitering – Nils Tore Gram Økland
- Referansegruppa i høve Handlingsplan for vald og overgrep i Stord kommune – Tove Dypå Lunde

5. ANDRE REPRESENTASJONAR

Folkehelsedagane i mai – Reidar Brevik heldt innlegg på vegner av Stord Eldreråd

Eldrerådstreffet for Sunnhordland vart arrangert på Tysnes – deltakarar var Reidar Brevik, Randi Helland, Nils Tore Økland og Tove Dypå Lunde

Tove Dypå Lunde, Nils Tore Gram Økland og Randi Helland deltok på eldrekonferansen i Bergen i regi av Hordaland fylkeskommune

Stord, 10.02.2019

Tove Dypå Lunde
leiar